

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR revidert 2018

1. Eigarforhold

Tysvær kommune eig og driv følgjande barnehagar: Aksdal, Fjellhaug Friluftsbarnhage, Førresdalen, Førresfjorden, Nedstrand, Førland og Tysværvåg.

2. Formål

Barnehagane blir drivne i samsvar med:

- a) Lov om barnehagar med endringar.
- b) Rammeplan for barnehagane
- c) Kommunale planar
- d) Årsplan for barnehagane
- e) Lov om internkontroll og barnehagen sine egne tryggleik/internkontrollrutinar
- f) Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

3. Forvaltning

Kommunen v/Rådmannen har ansvar for tilsyn og forvaltning av barnehagane etter Lov om barnehagar §§ 8, 10 og 11.

Kommunestyret ved kommuneoverlegen er tillagt godkjenningsmynde etter forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular.

4. Tilsettingar

Rådmannen tilsett personale i barnehagane.

5. Foreldreråd

For å sikre samarbeid med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd som består av alle foreldre til barn i barnehagen.

Foreldrerådet skal fremma fellesinteressene til foreldre, og medverke til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal bli førelagt og har rett til å uttale seg om saker som er viktige for foreldre sitt forhold til og drift av barnehagen.

Foreldrerådet vel representantar til barnehagen sitt samarbeidsutval.

6. Samarbeidsutval

Foreldre og tilsette vel representantar til barnehagen sitt samarbeidsutval. Kvar gruppe skal ha like mange representantar. Medlemmene blir valde for eitt år.

Eigar vel ein representant som blir vald for heile valperioden.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Samarbeidsutvalet skal være kontaktskapande, gi råd og ha rett til å uttale seg om saker som er viktige i forhold til barnehagen sitt innhald, verksemd og forhold til foreldre.

Samarbeidsutvalet skal bli førelagt, og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, årsplan, driftsendringar, utnytting av arealet og budsjett. Samarbeidsutvalet skal uttale seg ved eigars søknad om dispensasjon frå norma om pedagogisk bemanning. Uttalen skal leggjast ved søknaden.

Ved avstemming har kvar representant ei stemme, og vanlig fleirtalsvedtak gjeld. Når talet på stemmer er likt, har leier dobbelstemme.

Styrrar har møte-, tale og forslagsrett i samarbeidsutvalet.

7. Opptaksmynde

Det er to søknadsfristar for hovudopptak 15. feb. og 1. mars.

Søknadsfrist for dei som søkjer om endring av barnehageplass er 15. februar og for nye søkjarar er det 1. mars.

Søknadsfristane blir kunngjort i dagspressa og på Tysvær kommune sine internettsider.

Det blir nytta elektronisk søknad.

Rådmannen gjer opptaket for endring av plass innan 1. mars og nye søkjarar innan 1. april.

Opptak blir gjort etter tilråding frå styrrar i kvar einskild barnehage.

Tysvær kommune har eitt hovudopptak pr. barnehageår. Etter hovudopptak blir det gjort opptak ved ledig kapasitet.

Kommunen har samordna opptak med dei private barnehagane.

Klagenemnda handsamar klager vedk. opptaket.

Klage på vedtaket må sendast til kommunen seinast 3 veker etter at melding om vedtak er mottatt.

8. Opptakskrets

Tysvær kommune har ein opptakskrets.

9. Reglar for opptak

Ved opptak skal det takast omsyn til:

- a. Barn med nedsett funksjonsevne dersom barnet vil ha nytte av barnehageplass
- b. Barn med tilråding frå PPT, barnevernstenesta eller anna fagorgan.
- c. Barn som søkjer om endring av plass eller ny barnehage innan 15. februar. Merk at søknad om endring av plass er bindande.
- d. Barn som fyller eitt år innan utgangen av november det året det blir søkt barnehageplass for. Tilbodet blir gitt frå 15.august. Ved opptak bør søsken prioriterast til å få plass i same barnehage
- e. Det blir nytta elektronisk trekning viss barna har same rettighet til barnehageplass.
- f. Barn som fyller eitt år etter utgangen av november det året det blir søkt barnehageplass for, og som ikkje har rett på barnehageplass.

- g. Søkjarar frå andre kommunar kan tildelast plass ved ledig kapasitet i kommunale barnehagar.
- h. Ved tildeling i løpet av året skal trekningslista frå hovudopptak nyttas.
- i. Nye søkjarar etter hovudopptak vil bli prioritert etter søknadsdato. Det vil bli nytta elektronisk trekning viss søknad har same dato.
- j. Viss svarfrist om tilbod om barnehageplass ikkje blir følgt, mister ein plassen og tilbodet blir gitt til ein annan søkjar.

10. Opptaksperiode, oppseiing av plass og permisjonar

Barnehageåret begynner 15. aug. Barn som skal begynne på skulen må betale for barnehageplass til denne dato, viss dei ikkje har eit tilbod på SFO. Plass i barnehagen blir tildelt til 15. august det året barnet begynner på skulen. For plass i kommunale barnehagar må barnet være busett i Tysvær kommune. Ved flytting til annan kommune mister barnet plassen i kommunal barnehage i Tysvær kommune. Det kan søkast om dispensasjon frå regelen. Søknad om dispensasjon skal sendast til Resultatområdet barnehage.

Det skal betalast for 11 månader, i juli er det ikkje foreldrebetaling.

Barnet må ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. 3 skal veker vere samanhengande og i hovudsak i skulen sin sommarferie. Søknad om å ha ferie utanom i skulen sine feriar blir sendt til styrar i barnehagen som gjer vedtak på vegne av Tysvær kommune. For å få oversikt over personalbehovet og for å planleggje ferie for personalet, skal styrar ha melding om når barnet skal ha ferie så snart som mogleg eller seinast 1. april. Styrar skal ha informasjon om når barnet skal ha ferie utanom sommarferie med minst ei veke på førehand. Viss slik varsel ikkje blir gitt og barnet ikkje er i barnehagen, blir dette ikkje godtatt som ferie.

Frist for oppseiing av plass er 2 månader. Plassen må seiast opp frå 1. i kvar månad. Oppseiinga skal registrerast på barnehageweben. Det er styrar som godkjenner oppseiinga.

Viss du seier opp plassen frå og med 1. april, må du betale ut barnehageåret. Det vil si at barn som ønskjer å slutte etter 31. mai må betale for juni og halve august. (Juli er betalingsfri månad).

11. Betaling og betalingsreduksjon.

Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetaling i regelen i same møtet som budsjettet for året blir vedtatt.

Ved endring i pris skal foreldre varslast minst ein månad før prisendringa blir iverksett.

Det må betalast for plassen barnet opptar pr. veke sjølv om barnet ikkje er til stades alle timane.

Ved streik blir det gitt reduksjon i eigenbetaling tilsvarande talet på dagar streiken varer.

Det blir for tida gitt 30 % søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50 % for 3. og event. fleire barn.

Betalingsfristen er 25. kvar månad.

Ved mistanke om feil faktura må foreldre ta kontakt med Tysvær kommune slik at event. feil kan utbetrast.

Det er høve til å søke om redusert eigenbetaling av økonomiske årsaker og gratis kjernetid for 3, 4- og 5 åringar etter reglement fastsett av regjeringa. Søknad skal sendast til Tysvær kommune, Resultatområdet barnehage på eige søknadsskjema som ligg på Tysvær kommune si heimeside

Ved ikkje innfridd betaling for opphald inntil 2 månader, kan den som har mynde til å gjera vedtak om opptak, vedta at barnet blir tatt ut av barnehagen.

12.Opphaldstid

Kommunale barnehagar i Tysvær kommune har frå 15.08.08 ei dagleg opningstid på 10t15min.

For å sikre at brukarar ikkje fell utanfor kontantstøtteordninga er det mogleg å endre opphaldstida til 9t30 min. Det skal i til felle inngå avtale om opningstida for barnet.

Barnehagane er stengt jul- og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00.

13.Planleggingstid

Barnehagane har 5 dagar avtalefesta planleggingsdagar i året. Tysvær kommune har som målsetting at barnehagane og skulane skal ha planleggingsdagar samtidig.

Foreldre skal ha skriftleg informasjon om når barnehagen skal ha planleggingsdagar.

14. Frammøte

Når barn er sjuke/har fri bør foreldre gi melding om det.

15. Areal

Netto leike – og opphaldsareal er fastsett av Tysvær kommune i hht. departementet si rettleiande norm.

For barn over 3 år er denne 4 m² og for barn under 3 år er denne 5,33 m²

16. Internkontroll

Barnehagen har internkontrollsystem i samsvar med forskrift med heimel i lov om arbeidsmiljø, brannvern, produktkontroll m.m.

17. Helsetilsyn

Når eit barn byrjar i barnehagen skal det leggjast fram skriftleg erklæring om barnet si helse.

Viss barnet har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjonen, kan slik erklæring bli gitt av foreldre til barnet. Nødvendige opplysingar kan bli gitt munnleg eller skriftleg på vanleg brevkort.

18. Ansvar

Alle barn i barnehagen er ulykkesforsikra gjennom kommunen si forsikringsordning. Barnehagen må ha beskjed viss andre enn foreldre skal hente barnet.

Personalet har ansvar for barna i barnehagen si opningstid. Bringing og henting er foreldre sitt ansvar.

Barnehagen har ikkje ansvar for klede eller anna eigendelar som barnet har med seg.

Tilsette i barnehagen kan ikkje ta barna med som passasjer i eigen bil eller offentleg transportmiddel utan skriftleg samtykke frå foreldre.

Barn som blir tatt med i privatbil skal vere sikra i samsvar med forskrift til § 1 i Vegtrafikklova.

Bilen skal vere i forskriftsmessig stand.

Barnehagen må ha skriftleg samtykke frå foreldre før det blir tatt videoopptak av barnet. Filming som blir brukt til rettleiing, krev at det blir gitt særskilt løyve. Ved bruk av levande- eller stillbilde til publisering på internett, brosjyrar o.l, skal foreldre gi skriftleg samtykke.

Barnet kan ikkje vere med i symjehall, delta på badeturar eller være med i båt/kano utan skriftleg samtykke frå foreldre.

Nokre av personale i barnehagen skal ha godkjent livredningskurs.

19. Endring av vedtektene

Endring av vedtektene skal handsamast av Levekårsutvalet.

Foreldre skal bli informert om endring av vedtektene.